

HB 8.S.32.5 (N)
12.2021

Plankrav – Funksjonsnedsetting

Krav om heilskapleg planlegging

Målet med plankravet er å oppnå ei kunnskapsbasert tilnærming til behov og tiltak. I dette skjemaet skal kommunen vise at behovsoverslaget er basert på kunnskap om målgruppa. Alle relevante faktorar skal vere vurderte. Kommunen skal òg vise korleis dei gjennom heilskapleg planlegging skal møte målgruppa sitt framtidige behov for tenester og bustad. Det er spesielt viktig å skaffe til vegar eit differensiert butilbod for å styrke valmogleheitene til personar med utviklingshemming eller anna funksjonsnedsetting.

Meir utfyllande opplysningar finn de under «retteleiing til skjema plankrav» på side seks.

| | |
|---------|--|
| Kommune | |
| Dato | |

1. Kunnskapsgrunnlaget

RETTELEIING

Kommunen si kartlegging skal gi eit bilete av den noverande situasjonen, utviklingstrekk og framtidige behov for heile målgruppa «personar med funksjonsnedsetting».

| | |
|--|--|
| Kva for eit år er kunnskapsgrunnlag frå? | |
| Informasjon om ev. plan(ar) | |

A. Demografi

Kartlegging av heile den overordna målgruppa «personar med funksjonsnedsetting» med behov for tenester, eller som kjem til å få behov for tenester.

| Aldersgrupper | Folketal per i dag |
|---------------|--------------------|
| Over 90 år | |
| 80-89 år | |
| 67-79 år | |
| 50-66 år | |
| 18-49 år | |
| Under 18 år | |

B. Interne rammevilkår

| Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt) | Svar/kommentarar |
|--|------------------|
| Har kommunen bustadpolitiske føringar for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> • Vi har ein bustadpolitisk plan som dekker målgruppa. • Vi har ein overordna bustadpolitisk plan. | |
| Har kommunen føringar for tenestetilbodet for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> • Det er gitt føringar for tenester i kommuneplanen sin samfunnsdel. • Vi har ein helse- og omsorgsplan. | |

C. Noverande bu- og tenestetilbod

Kommunen beskriv eksisterande bu- og tenestetilbod for målgruppa.

| Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt) | Svar/kommentarar |
|---|------------------|
| Beskriv eksisterande butilbod for målgruppa. Nemn talet på butilbod, type butilbod, tenestetilbod og plassering. <ul style="list-style-type: none"> • 5 omsorgsbustader i bufellesskap, ordinært bustadområde. • 30 personar bur i kommunal utleigebustad, tek imot heimetenester, nærleik til sentrumsområde. | |
| Beskriv eksisterande avlastingsplassar og bustader for barn under 18 år. Nemn talet på, type butilbod og plassering. <ul style="list-style-type: none"> • 2 barnebustader og 4 avlastingsplassar i same bygg, ordinært bustadområde. | |
| Korleis sørgjer kommunen for at tilbodet om korttidsplassar blir vareteke? <ul style="list-style-type: none"> • avlasting, prøvebu-ordning og liknande. | |
| Har kommunen dagaktivitetssenter for målgruppa? Nemn dei ulike tilboda. | |

2. Behov for omsorgsplassar og tenester

RETTLEIING

Kunnskapsgrunnlaget seier noko om kor mange i denne målgruppa som totalt treng bustad- og tenestetilbod framover.

| Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt) | Svar/kommentarar |
|---|------------------|
| Beskriv behovet for heildøgns omsorgsplassar for målgruppa dei neste 10 åra. | |
| Kor mange barn under 18 år treng avlasting eller permanent bustad dei neste 10 åra? | |
| Har kommunen eit variert tilbod av bustader slik at dei som er over 18 år kan velje å flytte i eigen bustad? | |
| Gjer kommunen ei kartlegging av bustadpreferansar? Dette handlar mellom anna om eige/leige, kven som ønsker å bu saman, plassering. Moglegheiter for å velje mellom bustad i den ordinære bustadmassen og bufellesskap. <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen kartlegg ønske og behov for bustad før brukar flyttar ut av foreldreheimen | |

Fortsetting **kapittel 2. Behov for omsorgsplassar og tenester.**

| Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt) | Svar/kommentarar |
|---|------------------|
| Nyttar kommunen heile spekteret av verkemiddel for å realisere eit tilstrekkeleg og variert butilbod? <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen nyttar startlån for at uføre kan kjøpe bustad. • Kommunen har sett av midlar til etableringstilskot. • Kommunen sørgjer for livslaupsstandard og forkjøpsrett ved utbygging på kommunale tomter. | |
| Kva er behovet for dagaktivitetstilbod dei neste 10 åra? | |

3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

RETTLEIING

Normalisering og integrering handlar om korleis alle, uavhengig av alder, sosiale eller fysiske føresetnader kan fungere saman i eit trygt og godt bumiljø. Kommunen må vurdere framtidig arealbehov og sette av nok eigna tomter til omsorgsbygg.

| Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt) | Svar/kommentarar |
|--|------------------|
| Har kommunen sett av eigna areal til framtidige barnebustader/avlastingsplassar, omsorgsbygg og andre butilboda for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> • Det er sett av areal til omsorgsbustader i arealplanen i kommunen. • Reguleringsplan for tomt til omsorgsbustader er vedteken. | |
| Har kommunen tilstrekkeleg med byggeklare tomter til omsorgsbygg? (ferdigregulerte tomter eigd av kommunen) | |
| Korleis blir brukarmedverknad gjennomført i planleggingsprosessen? <ul style="list-style-type: none"> • Rådet for funksjonshemma har uttalt seg om arealplanen. • Andre relevante samarbeidspartnarar og aktørar i planprosessen er med. | |

4. Samla behovsvurdering for omsorgsplassar og tenester

RETTLEIING

Beskriv korleis kommunen planlegg å møte målgruppa sitt bu- og tenestebehov no og dei neste 10 åra.

Rettleiing til skjema plankrav

Føremålet med plankrav ved søknad om investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar

«Stimulere til bedre og mer helhetlige, langsiktige behovsvurderingar før kommunene investerer i nye eller rehabiliterer de mest kostnadskrevene tilbudene.

Det legges ikke opp til at plankravet medfører behov for rullering eller endring av allerede vedtatte overordnede planer. Innholdet i plankravet vil være:

- beskrivelse av dagens bo- og tenestetilbud
- utarbeide et kunnskapsgrunnlag basert på tilgjengelig statistikk
- beskrivelse av hvordan brukarmedvirkning er ivaretatt
- beskrivelse av hvordan investeringer og drift er ivaretatt i økonomiplan og/eller årsbudsjett
- behovsvurderingar – helhetlig vurdering av overnevnte punkter

Mindre tiltak som først og fremst skal bidra til bedre kvalitet på eksisterende omsorgsplasser er fritatt fra plankravet, som fellesareal som kun er til bruk for beboerne i omsorgsbygget, opparbeiding av uteareal, for eksempel etablering av sansehage og rene utbedringar som installering av velferdsteknologi, sprinkleranlegg, heis med mere.»

Sitat frå Helse- og omsorgsdepartementet

1. Kunnskapsgrunnlaget

TILBAKE

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som omfattar heile målgruppa, må ligge til grunn for behovsvurderingane i søknad om investeringstilskot. Grunnlaget skal vere lagt fram og teke stilling til av dei folkevalde i samband med budsjettbehandling. Kunnskapsgrunnlaget skal gi eit bilete av

- den noverande situasjonen
- overordna oversikt over dei ulike bu- og tenestetilboda
- framtidige behov
- korleis kommunen sikrar eit variert butilbod for å styrke valmoglegheitene

Informasjon om eventuelle planar kan for eksempel vere at vurderinga er nedfelt i

- helse- og omsorgsplan
- bustadpolitisk handlingsplan
- Samfunnsdelen i kommuneplanen
- Arealdelen i kommuneplanen

Politisk vedteken år x, det er planlagt rullering neste år med meir.

Nasjonale føringar

I den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken (2021–2024) «Alle treng ein trygg heim», er det eit mål at personar med funksjonsnedsetting, på lik linje med andre, skal kunne velje kor og korleis dei vil bu. Blant personar med funksjonsnedsetting, ser regjeringa behov for å rette ein særleg innsats mot utviklingshemma som har særlege utfordringar på bustadmarknaden og reelt sett få valmoglegheiter når det gjeld bustad, kven dei vil bu med og buform.

Det blir vist til Folkehelseloven §5 og folkehelseoversikta som skal ligge føre i kommunane kvart fjerde år. I det vidare arbeidet med folkehelseoversikta og planstrategien, vil kartlegginga i kommunen og kunnskap framover kunne bli brukt i samband med investeringstilskotet sine målgrupper.

Det blir òg vist til «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023».

Barnebustader og avlastingstilbud for barn under 18 år

Barnebustader og avlastingstilbud kan finansierast med investeringsstilsudd. Kommunen veit som regel kven som har behov for dette tilbudet gjennom helse- og omsorgstenesta. For barnebustader og avlastingstilbud er spørsmålet om lokalisering og samlokalisering viktig. Dette er forhold som blir drøfta i prosessen ved søknad om investeringsstilsudd under kriteria for normalisering og integrering. Det er likevel ein fordel at kommunen har strategiske planar for dette så tidleg som mogleg, mellom anna ved at lokaliseringa er drøfta i arealdelen i kommunen. I kartlegging og planlegging er dialog og brukarmedverknad sentralt. Tiltak for denne brukargruppa kjem under redusert plankrav. Sjå punkt seks i denne rettleiaren.

1.A. Demografi

Befolkningsstatistikk finst på ulike område og er ofte eit resultat av kommunen sine egne registreringar. Kommunen fører inn oversikta si over personar med funksjonsnedsetting som har eller vil få behov for hjelp. Dette gjeld alle personar innanfor målgruppa som har behov for tenester, men ikkje nødvendigvis ein omsorgsbustad. Oversikta vil gi eit bilete av talet på personar med behov for oppfølging i dag, og ein indikasjon på utviklinga dei neste åra. Dette kan bidra til å sjå det heilskaplege behovet opp mot ulike verkemiddel for å skaffe til vegar eigna bustader.

1.B. Interne rammevilkår

Lokale forhold som påverkar både kommunen si planlegging og eit enkelt prosjekt kan til dømes vere geografien i kommunane, plassering, tenestetilbud, det totale bustadtilbudet i kommunen og liknande. I tillegg kjem dei politiske føringane.

1.C. Noverande bu- og tenestetilbud

Kommunen beskriv det noverande bu- og tenestetilbudet for målgruppa. Her listast opp:

Type butilbud

Omsorgsbustader, institusjonsplassar, kommunale utleigebustader og andre butilbud.

Tenestetilbud

Kommunen treng ikkje beskrive tenestetilbudet inngåande, men nemne tenester som blir gitt ved butilbudet. Kommunen kan til dømes tilby heimebaserte tenester som bli gitt etter behov. Slike tenester kan bli gitt i private heimar, kommunale utleigebustader eller i omsorgsbustader. Omsorgsbustader organisert som bufellesskap kan ha personalbase som gir heimebaserte tenester, men her er personalet ofte til stades heile døgnet. Ambulante tenester blir òg gitt i private og kommunale bustader.

For institusjonsplassar (sjukeheim, helsehus, barnebustad/avlasting og liknande) er døgnbemanning inkludert.

Plassering

Handlar om butilbudet si plassering

2. Behov for omsorgsplassar og tenester

TILBAKE

Kunnskapsgrunnlaget skal seie noko om kor mange i den aktuelle målgruppa som totalt treng bu- og tenestetilbud, og korleis kommunen kartlegg dette. Her beskriv kommunen om dei har ein strategi for korleis personar i målgruppa kan skaffe seg ein eigen eigebustad. Døme på dette kan vere at kommunen hjelper føresette med rettleiing og informasjon om å danne burettslag eller andre måtar å mogleggjere kjøp av eigen bustad. Det er viktig å sette seg inn i dei ulike verkemidla som kommunen disponerer sjølv og kva finansieringsmoglegheiter privatpersonar har tilgang til.

3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

TILBAKE

Kommunen viser korleis dei har vurdert framtidig arealbehov (behov for eigna tomter) i samband med omsorgsplassar og syner korleis dette er innarbeidd i arealplanane i kommunen. Det kan gjerne leggest ved utdrag frå arealplanen eller visast til kvar ein kan finne planen.

God forankring av ulike prosjekt føreset at det er sett av tomter i ein langsiktig arealplan. Det er viktig at planar som gjeld denne målgruppa er lagt fram for brukarane og representantane deira (pårørande, råd og interesseorganisasjonar).

Normalisering og integrering

Bustadene bør ligge i ordinære bustadområde der bebuarane kan

- møte andre menneske
- sjå og ta del i eit kvardagsliv utover det som går føre seg i sjølve butilbodet
- ta i bruk offentlege rekreasjonsareal og nytte servicetilbod.

Samlokalisering kan ha positive og negative effektar med tanke på normalisering og integrering. Kommunen bør vurdere tilbodet av ulike lokaliseringar for denne målgruppa nøye. Dette er for å sørgje for mest mogleg valfridom og for å treffe ulike behov.

Omsorgsbustader skal ikkje ha institusjonsliknande preg. Dette kan bli påverka av

- plassering/tomteval
- storleiken på prosjektet (talet på bueningar)
- tilkomstforhold med meir

Riktig lokalisering gjer at omsorgsbygget har potensiale for å bli utvikla til ein vital møteplass på tvers av alder og livssituasjonar. Det er eit mål å etablere samansette bumiljø/neighborhood kor ulike aldrar kan bu saman. Det finst mange døme på ulike butilbod mellom anna på husbanken.no

4. Samla behovsvurdering for omsorgsplassar og tenester

TILBAKE

Behovsvurderingane i kommunen bør ta høgde for eit langsiktig perspektiv. For å kunne gjere ei behovsvurdering må kommunen ha kunnskap om eigen situasjon. Faktorar som får innverknad på kva kommunen kan tilby er: Økonomi, tenestepersonell, busettingsmønster, tilstand på bustader med vidare. Ut frå ei heilskapsvurdering prioriterer kommunen kva som skal etablerast for å møte behova til målgruppa.

Konkrete enkelttiltak må gjerne vere nemnde i den samla behovsvurderinga under dette punktet, men det er ikkje eit krav.

Eit døme på svar/kommentar er:

- Kommunen har behov for 80 nye omsorgsbustader for målgruppa dei neste 10 åra. I tillegg ser kommunen på moglegheita for å renovere 30 sentrumsnære leilegheiter og rekkehus i ulike nabolag slik at dei får livslaupsstandard. Målet for kommunen er å tilby varierte butilbod og at personar med funksjonsnedsetting skal få moglegheit til å kjøpe tilrettelagde bustader ved hjelp av startlån og tilskot til etablering. Det er sett i gang eit arbeid med utlysing av ein konkurranse der kommunen har forkjøpsrett på fem av 20 bustader med livslaupsstandard. Dei fem bustadene skal tildelast personar med utviklingshemming som kan søke om startlån. Det blir planlagt å bygge åtte avlastingsplassar for barn, og det er sett av tomt til føremålet. Kommunen ser òg behov for etablering av eit dagsenter for personar med utviklingshemming. Byggestart ligg truleg om lag fire år fram i tid.

5. Redusert plankrav

Ved søknad om tilskot til tiltak med redusert plankrav krevst det ikkje levering av skjema for plankrav. Har kommunen levert plankravskjema for den aktuelle målgruppa i løpet av dei siste 4 åra, er reduserte plankrav vareteke.

I dei tilfella der kommunen ikkje har levert plankravskjema for den aktuelle målgruppa i løpet av dei siste 4 åra, vil saksbehandlar i Husbanken følge opp det reduserte plankravet med spørsmål. Informasjon om kva tiltak og spørsmål dette gjeld er vist nedanføre.

Bustader og avlastingsplassar for barn

Kommunen fyller ut dialogverktøy for personar med funksjonsnedsetting. Det blir stilt spørsmål om følgande punkt i skjema for plankrav:

- Talet på barn under 18 år jf. punkt 1. A
- Noverande bu- og tenestetilbod jf. 1. C
- Arealbehov/lokalisering jf. punkt 3.

Korttidsplassar for avlasting og rehabilitering

Kommunen fyller ut dialogverktøy for den aktuelle målgruppa. Det blir stilt spørsmål om noverande bu- og tenestetilbod jf. skjema plankrav punkt 1. C side 2. (unntak rad 4: Dagsenter). Kommunen treng berre å fyller ut opplysningar om tilboda som gjeld korttidsplassar.

Dagaktivitetssenter

Kommunen fyller ut sjekkliste for dagaktivitetssenter. Det blir stilt spørsmål om kva behovet for dagaktivitetstilbod vil vere dei neste 10 åra jf. skjema plankrav punkt 2 (rad 6) side 3.